

Lindås kommune
Samfunnsutvikling og kommunalteknikk, Eigedom
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø
postmottak@lindas.kommune.no
att.: eigedomssjef Therese U. Braseth

Vedlikehald av friidrettsbana/grusbana på Ostereidet

Behovet for ordinært vedlikehald av friidrettsbana/grusbana på Ostereidet er svært stort. Idrettslaget har teke dette opp med kommunen fleire gonger. På tampen av fjoråret vart behovet konkretisert etter møte med fagkoordinator idrett. På oppfordring sende laget ved friidrettsgruppa ei prioritert liste til kommunen om kva som er det mest nødvendige vedlikehaldet. Kopi av brevet me sende 22.12.2016, ligg ved.

Tidleg på nyåret fekk me hyggeleg svar frå kommunen (dykkar ref. 15/2301 – 17/542) der det stod:

«Eigedomseininga vil vedlikehalde bana i tråd med ønska frå Eikanger IL, så langt vi har ressursar til i 2017. Det er ein målsetnad å få gjort mest mogleg av dette før sesongstart i vår.»

Frå fagkoordinator idrett fekk me i førre veke vita at det no ikkje vert noko av det lova vedlikehaldet, då det ikkje er tilgjengelege midlar.


Me kan ikkje slå oss til ro med dette. Behovet for vedlikehald har ikkje nett vorte mindre gjennom vinteren. Me ber derfor nok ein gong kommunen om snarast no i år å gjennomføra det ordinære vedlikehaldet som trengst, særleg er behovet påfyll av grus (raudstubb) på løpebana akutt.

Me har registrert at det er løyvd større summar til opprusting/oppgradering av idrettsanlegga både i Knarvik og på Lindås, m.a. av sysselsetjingsmidlar frå staten. Det har me ikkje noko imot, men synest at kommunen også må tilgodesjå anlegget på Ostereidet.

Me har fått høyra at sidan me ikkje har sendt inn søknad om tildeling av midlar, så er det ikkje sett av midlar til anlegget på Ostereidet. Me meiner at kontakta me har hatt med kommunen, har gjort behovet klart og tydeleg. Dokumentasjonen me har lagt fram, møte med og lovnaden frå kommunen om at vedlikehald skulle gjerast no i vår, viser at kommunen kjenner godt til situasjonen. Det må vera søknad god nok! No ber me om at kommunen følgjer opp.

Ostereidet 14. mai 2017

Venleg helsing



Eikanger Idrettslag, friidrettsgruppa
Stanley Hauge

Kontaktpersonar:

Eikanger idrettslag

Bjørn J. Bjørsvik, Eidavegen 612, 5993 Ostereidet – tlf. 56 35 41 21, mob. 90 07 14 44

Stanley Hauge, Eidavegen 326, 5993 Ostereidet – tlf. 56 35 42 44, mob. 934 59 154

Vedlegg:

Brev datert 24.11.2016: Vedlikehold av Ostereidet-bana.pdf

Brev datert 22.12.2016: Vedlikehold-Ostereidet-bana-22.12.2016.pdf